



**Det har vore fokusert mykje på at det vert dårleg ver på 17.mai. Heldigvis har no vermeldingane snudd til det betre. Rett nok melder yr.no nokre regndropar på føremiddagen, men frå programstart og utover ettermiddagen ser det ut til å bli minimalt med regn. Då melder dei delvis skya og nokre solglyttar.**

Veret for Uskedalen kan ein enkelt følgja med på ved å klikka seg inn på yr.no nedst i venstre kolonne her på nettsida.

Dermed er det godt håp om ei fin og tradisjonell feiring av nasjonaldagen med gudsteneste, minnemarkering ved Bautasteinen, minnetale på Stemneplassen, folketog, leikar og hovudprogram med song og musikk. At det ser ut til å verta litt meir regn til kvelden, får vi godta.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland